



Øyvind Krossvoll
Bjørnevoll 94
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/771 - 16/7911

Saksbehandlar:
Per Sveinar Morsund
Per.Sveinar.Morsund@lindas.kommune.no

Dato:
18.03.2016

Førebels svar - trong for tilleggsdokumentasjon gbnr 34/3 Bjørnevoll

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 10.03.16.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4.

Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Side 2 i «søknad om tillatelse til tiltak utan ansvarsrett» manglar.
2. Nabo med gbnr. 34/1 som er næraste nabo bør varslast om tiltaket.
3. Eigedomen går over eit stort område med fleire naboar enn det som går fram av nabolista. Alle treng nok ikkje varslast, men det bør leggest ved ei grunngjeving for begrensing av nabovarslinga.
4. Det går ikkje klart fram av søknaden kva som er eksisterande bygning og kva som er nytt tilbygg. Det bør leggest føre eit sett med teikningar som viser noværande situasjon og eitt sett med teikningar som viser ny situasjon. Dersom det ikkje er mogleg å vise til eksisterande teikningar bør det teignast inn tydelegare i teikningane som ligg føre om kva som er eksisterande bygg og kva som er nytt.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 10.05.16. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka arkivert utan vidare handsaming.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. SAK § 7-2 (1).

Post

postmotak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Per Sveinar Morsund
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Øyvind Krossvoll

Bjørnevoll 94

5913

EIKANGERVÅG